



Nytt takst- og rabattsystem og reduserte takstar i fv. 107 Jondalstunnelen

Gjennom handsaming av Prop. 1 S Tillegg 2/Innst. 13 S (2015-2016) har Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag om å innføre eit nytt standardisert takst- og rabattsystem for bompengeprojekt. Målet med omlegginga til nytt system er å effektivisere og å gjere bompengeinnkrevjinga enklare.

Innføring av nytt takst- og rabattsystem fører til følgjande endringar frå 01.12.18:

- Køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig avtale får automatisk 20% rabatt. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.
- Alle kundar som har hovudavtale og brikke frå Jondalstunnelen AS vert automatisk gjort om til etterskotsavtaler med 20% rabatt. Lokale forskotsavtaler med 30-50% rabatt vert ikkje lengre tilbydd.
- Noverande tilleggsavtalar hos Jondalstunnelen AS for å oppnå lokal rabatt på 30-50% rabatt blir avvikla.

AutoPASS-avtala med det selskap brikka er levert frå, hovudavtala, vert ikkje endra, og passeringar frå 1. desember verte trekt frå hovudavtala.

Sluttavrekning og eventuelt beløp du har til gode på tilleggsavtaler blir tilbakeført seinast tre månadar etter endring.

På grunn av at bompengeinntektene i Jondalstunnelen har vore høgare enn føresett i St.prp. nr. 72 (2007-2008), vert bompengetakstane i Jondalstunnelen redusert. Forslaget om reduserte takstar har fått lokalpolitisk tilslutning.

Tabell 1: Ordinære bompengetakstar for fv. 107 Jondalstunnelen etter omlegginga til nytt takst- og rabattsystem.

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Fv. 107 Jondalstunnelen	Kr. 32	Kr. 51

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Det gis fritak ifølgje gjeldande takstretningslinjer.

- Passasjerar i alle type køyretøy
- Gåande og syklande
- Motorsyklar og mopedar
- Køyretøy i merket gravfølgje
- Køyretøy som nyttast til arbeid på bomvegen*
- Kollektivtransport i konsesjonert rute*
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag*

Fritaksordningar merka med * føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

Gjennom handsaminga av Prop. 87 (2017-2018) blir det opna for at det kan innførast bompengebetaling for nullutsleppskøyretøy i alle bompengeanlegg dersom det er lokalpolitisk tilslutnad til dette. Inntil vidare blir det lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy køyrer gratis i bomstasjonen. Gratis passeringar med nullutsleppskøyretøy føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

For meir informasjon: www.ferde.no

Takstvedtaket kan påklagast til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo.